

Kartlegging av førebyggende arbeid og saker om grenseoverskridande åtferd, seksuell trakassering eller overgrep i Den norske kyrkja i 2018 og 2019

Årets rapportering syner at både omfanget av beredskapsplanar og oppdateringa av desse er klart stigande. Det er og ein stadig oppgang i innhenting av politiattest frå tilsette, samstundes er det tilsynelatande ein nedgang i kor mange sokn som innhentar politiattest frå frivillige medarbeidarar som jobbar med barn og unge.

Talet på innrapporterte saker ligg omtrent på nivå med tidlegare. Sakene er av varierende alvorgrad. Dei fleste av sakene er av mindre alvorleg art, der over ein tredel av sakene er hendingar som ikkje blir ramma av lov. Nokre av sakene kan ha skjedd utanfor kyrkjeleg kontekst. Av dei innrapporterte sakene, er om lag ein firedel eldre saker frå før 2018.

Innleiing og bakgrunn

KA har i samarbeid med Kyrkjerådet sidan 2010 gjennomført kartleggingsundersøkingar over omfanget av saker knyta til grenseoverskridande åtferd, seksuell trakassering og seksuelle overgrep utført av kyrkjelege tilsette, tillitsvalte og frivillige medarbeidarar i Den norske kyrkja. Undersøkinga samlar i tillegg inn informasjon om førebyggande tiltak i verksemdene. Når ein tolkar resultatata må ein ta høgde for ulike forståingar av spørsmåla som blir stilt, varierende innsikt i lovverket, og ulike tolkingar av faktiske hendingar som blir rapportert inn. Ein må og rekne med at ikkje alle fellesråda har den fulle oversikt over alle sokna ein svarer for.

Metode og respondentar

Denne rapporten omhandlar det som er *rapportert inn* til arbeidsgjevar i perioden 2018-2019. Det betyr at det kan være tilhøve som ligg lenger bak i tid, som kan bli ein del av funna. Metodikken og spørsmåla i undersøkinga er vidareført frå tidlegare år.

Kartlegginga vart gjennomført som ei Questbackundersøking (elektronisk spørjeskjema) i april 2020. Den vart sendt ut som e-post med lenke til alle kyrkjelege fellesråd, alle bispedømeråd og til Kyrkjerådet, til saman 357 verksemdar. Til saman kom det inn 276 svar, dvs. ein svarprosent på 77. Alle bispedømeråd og Kyrkjerådet har svara. Svarprosenten har tidlegare år vore mellom 64-68 prosent, med unntak av 2018 da svarprosenten var 85. Noko av grunnen til den uvanleg høge svarprosenten i 2018 kan vere at undersøkinga kom under #metoo-tida. Svarprosenten har no gått noko ned, men er likevel langt høgare enn snittet før 2018. Sidan det ikkje er full svarprosent, gjer vi merksam på at det sannsynlegvis vil vere saker som ikkje er komen med i denne undersøkinga.

Denne rapporten har ei todeling. Den fyrste delen gjeld dei førebyggande tiltaka i verksemdene, og omfattar alle respondentar. I den andre delen omtalar vi konkret dei innrapporterte sakene.

Beredskapsplan

Har verksemda ein beredskapsplan for førebygging og oppfølging av seksuell trakassering og overgrep?

På spørsmål om verksemda har ein beredskapsplan, svarer til saman 80 prosent positivt på dette.

	2020	2018	2016
Har beredskapsplan	80 %	66 %	52 %
<i>Har eigen beredskapsplan</i>	44 %	34 %	
<i>Bruker annan verksemd sin plan</i>	36 %	32 %	
Har ikkje beredskapsplan	20 %	34 %	

Dei fleste som ikkje har beredskapsplan peikar på mangel på tid og ressursar til å prioritere å lage ein slik plan. Fleire av dei som ikkje har laga eigen beredskapsplan, har likevel etablert enkelte rutinar som politiattest og HMS-rutinar. Nokre få svarer at dei ikkje ser behovet for ein slik plan fordi dei er ei lita verksemd med få tilsette. Fleire opplyser at dei har konkrete planar om å lage ein beredskapsplan.

45 prosent av respondentane svarer at planen vart oppdatert i 2018-2019, medan 22 prosent svarer at planen var oppdatert i 2016-2017. Av respondentane svarer 34 prosent at planen var oppdatert før 2014, eller at dei ikkje veit når planen var oppdatert. Dette betyr at minimum to tredelar av beredskapsplanane er oppdatert etter 2016.

Undersøkinga viser at sjølv om mange tilsette kjenner til beredskapsplanen, er ein del usikkerheit om planen faktisk er kjend blant dei tilsette. Til saman 26 prosent svarar at dei tilsette ikkje kjenner planen, at dei ikkje veit om dei tilsette kjenner han eller at berre nokre få kjenner han. 28 prosent svarer at dei er sikre på at dei tilsette kjenner til planen, medan 45 prosent svarer at dei trur at planen er kjend blant dei tilsette.

Politiattest ved tilsettingar og for frivillige

Krevjer verksemda politiattest ved tilsettingar, jf. kyrkjelova §29?

Etter kyrkjelova § 29 kan kyrkjelege organ krevje politiattest når arbeidstakar eller andre skal ha omsorg for eller oppgåver knyta til mindreårige, såkalla barneomsorgsattest. 89 prosent av verksemdene svarer ja på spørsmålet om dei krev politiattest ved tilsettingar. Det er 6 prosent som har svara nei, og 5 prosent svarer at dei ikkje veit. 84 prosent i 2016 og 86 prosent i 2018 seier at dei krev politiattest. Delen verksemdar som innhentar politiattest ved tilsetting har vore stigande ved kvar undersøking sidan denne heimelen kom i 2012.

Dei som svarer nei grunngjev dette blant anna i at det ikkje har vore nytilsettingar dei siste åra, enkelte andre kommenterer at dette vil bli etablert som praksis ved neste tilsetting. Nokre svarer nei, men opplyser likevel at dei krev slik attest når arbeidstakar skal arbeide med barn og unge. Samtidig er dette også einaste opning for å krevje attest, slik at desse skulle ha svara «ja». Dette betyr at det reelt sett er fleire enn 89 prosent som vil krevje politiattest ved tilsetting.

Krevjast det politiattest frå frivillige i ditt verksemdsområde?

Spørsmålet om politiattest frå frivillige vart berre stilt til fellesråda. Det er sokneråda som avgjer om dei skal krevje politiattest for frivillige i sine aktivitetar. Respondent svarer her på vegne av fleire sokn, noko som er ein svakheit ved undersøkinga, da det er rimeleg å tenke seg at kyrkjevevjerje/dagleg leiar ikkje alltid har tilgang på totaloversikta over dette.

25 prosent seier at dei alltid krev politiattest, og 13 prosent seier at dette skjer i dei fleste sokna. 10 prosent seier at det skjer i nokre sokn, medan 40 prosent seier at politiattest ikkje blir kravd. 12 prosent svarer at dei ikkje veit om dette blir kravd.

På spørsmål om kvifor dei ikkje krev politiattest frå frivillige, svarer fleire at soknet er lite og oversiktleg, og det blir difor ikkje vurdert som nødvendig. Nokre skriv at sidan frivillige er inne i avgrensa område som matlaging, rydding og å hjelpe til i ein aktivitet, blir det gjort ei vurdering om behovet for politiattest er reelt. Nokre skriv at dei er i ferd med å etablere rutinar på innhenting av politiattest.

	2020	2018	2016
Krevjer alltid eller i dei fleste sokna politiattest	38 %	45 %	33 %
Krevjer politiattest i nokre av sokna	10 %	10 %	10 %

Som beskrive over er det stor usikkerheit om desse tala. Det er fellesrådet som svarar, og dei har nok ikkje alltid full oversikt over dette spørsmålet for alle sokna. I tillegg er det tilsynelatande slik at fleire sokn har valt å slutte med krav om politiattest for frivillige sidan 2018. Vi har ingen grunn, utover desse tala, til å tru at det skal vere tilfelle.

Dei innrapporterte sakene

Sakene var inndelt i forskjellige kategoriar. For skildring av dei ulike kategoriane, sjå fotnote 1. Det vart innrapportert 27 saker. Elleve av desse er oppgjevne som saker som ikkje blir ramma av lov. I tillegg er det rapportert inn fire saker under kategorien «anna». Sju av sakene ligg også lenger tilbake i tid enn 2018 og 2019, ettersom det er spurt etter saker som er innrapportert til verksemda i denne perioden, ikkje berre det som fann stad i perioden. Det er ikkje rapportert om saker som går på seksuell omgang eller mishandling i nære relasjonar.

Sakene er av ulik art, men dei fleste kan kategoriserast som mindre alvorlege. Nedanfor er det ein kort gjennomgang av nokre element i dei ulike sakene.

Seksuell handling

Det er rapportert inn tre saker som handlar om skuldingar om seksuelle handlingar. Alle sakene blir vurdert som svært alvorleg av respondent. Dei ankla i sakene var kategorisert som høvesvis frivillig medarbeidar, deltakar i kyrkjeleg aktivitet og tilsett. Den frivillige har som konsekvens blitt tatt ut av

alt frivillig arbeid. Den tilsette vart gjeven endra arbeidsoppgåver, og valte å seie opp stilling si. Deltakaren i kyrkjeleg aktivitet vart vidare følgt opp av anna verksemd.

Seksuelt krenkande eller anna uanstendig åtferd

Det er rapportert inn tre saker der deltakar i kyrkjeleg aktivitet og frivillige medarbeidarar er tiltalt for seksuelt krenkande eller anna uanstendig åtferd. Ei av sakene er skjedd før 2018. To av sakene blir vurdert av respondent som ganske alvorleg, og ei av sakene blir vurdert som svært alvorleg. Sakene der frivillige er ankla har vidare vore følgt opp, og i ei av sakene er den ankla tatt ut av alt frivillig arbeid.

Trakassering/krenking etter likestilling- og diskrimineringslova

Det er rapportert inn tre tilfelle der kyrkjeleg tilsette/medlem av kyrkjeleg fellesråd er ankla for trakassering eller krenkingar som kjem inn under føresegna i likestilling- og diskrimineringslova. Alle hendingane skal ha skjedd i åra 2018 og 2019. Respondentane har vurdert to av sakene som alvorlege. Desse sakene vart følgt opp, i ei av sakene blei det gjeve ei åtvaring. Den siste saka var meldt som lite alvorleg og vart følgt opp, men det vart ikkje gjeve nokon form for sanksjon.

Kroppskrenking:

Det er rapportert inn tre saker som handlar om kroppskrenking. Sakene blei vurdert som høvesvis ganske alvorleg, litt alvorleg og uheldig. Ei av sakene er skjedd før 2018. Dei ankla i sakene var tilsette i kyrkjeleg verksemd og ein som tidlegare var tilsett. I ei av sakene som handla om ein tilsett, vart vedkomande sagt opp. Dei andre to sakene vart følgt opp, men det er ikkje oppgjeve nokon konsekvens.

Seksualisert åtferd som ikkje blir ramma av lov

Det er rapportert inn elleve saker som handlar om seksualisert åtferd som ikkje blir ramma av lov. Seks av desse sakene er oppgjevne som ganske alvorlege. Ei av sakene er oppgjeven som svært alvorleg. To av sakene er oppgjevne som lite alvorleg eller ikkje spesielt alvorleg, og dei to siste sakene er oppgjevne som uheldige/ubehagelege. Fem av sakene fann stad i 2018 eller 2019, fem skjedde før 2018, og ei av sakene har ikkje oppgjeve tidspunkt. I sju av sakene er den ankla kyrkjeleg tilsett. I fire av disse sakene blei den tilsette gitt ei åtvaring i arbeidstilhøvet. I dei resterande sakene er det ikkje oppgjeve nokon konsekvens. I tre av sakene var den ankla frivillig i kyrkjeleg aktivitet. I to av desse sakene blei den frivillige tatt ut av alt frivillig arbeid. I ei av sakene var den ankla deltakar i kyrkjeleg aktivitet.

Anna:

Det er rapportert inn tre saker under kategorien «anna». To av sakene omhandla i hovudsak mobbing. Disse to sakene er oppgjevne som litt alvorlege. To av sakene omhandla ei form for krenkande åtfærd. Sakene blei vurdert som litt alvorlege. I to av sakene var den ankla tilsett i kyrkjeleg verksemd. Ein av desse ble gjeven ei åtvaring, medan den andre fekk endra arbeidsoppgåver. I to av sakene var den ankla deltakar i kyrkjeleg aktivitet.

Oppsummering

Talet på saker er omtrent som ved førre undersøking. Samtidig har det vore stort fokus på dette feltet både i og utanfor kyrkja, og det har vorte større aksept for å melde saker, også dei som ikkje har høgste alvorsgrad. Det er også verdt å merke seg at nokre av sakene nok er litt på sida av det ein normalt vil sjå på som ei sak om overgrep eller seksuell krenking. Det er gledeleg at talet på verksemder med beredskapsplan er sterkt aukande, noko som igjen kan tolkast som at verksemdene held eit aktivt fokus på dette området.

KA Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter / Oslo, juni 2020

Fotnote:

Både straffeloven, likestillings- og diskrimineringsloven og arbeidsmiljøloven har bestemmelser som rammer seksuelle overgrep og trakassering.

- «Seksualisert adferd som ikke rammes av lov»: Ikke alle forhold er straffbare etter lov selv om saken innebærer adferd som er uetisk, upassende og/eller ikke forenelig med kirkelig tjeneste.
- «Trakassering/krenkelse etter likestillings- og diskrimineringsloven»: Likestillings- og diskrimineringsloven forbyr seksuell trakassering. I den nye lovteksten er seksuell trakassering forklart slik: *Med seksuell trakassering menes enhver form for uønsket seksuell oppmerksomhet som har som formål eller virkning å være krenkende, skremmende, fiendtlig, nedverdiggende, ydmykende eller plagsom.* (§ 13). Arbeidsmiljøloven beskytter arbeidstaker mot trakassering eller annen utilbørlig opptreden. (§ 4-3 (3))

I straffeloven skjernes det mellom seksuell omgang, seksuell handling og seksuell krenkende eller annen uanstendig adferd. I tillegg finnes bestemmelser om vold i nære relasjoner og om kroppskrenkelse.

Svært forenklet kan kategoriene i Straffeloven forklares slik:

- «Seksuelt krenkende eller annen uanstendig adferd» (brudd på Straffelovens §§ 298 og 305) gjelder straffbare krenkelser uten berøring av den utsatte. Bruk av telefon, internett o.l er inkludert. Eksempler kan være blotting, anstøtelig ordbruk eller bevegelser, og distribusjon av bilder.
- «Seksuell handling» (brudd på Straffelovens §§ 297 og 304) omfatter primært beføling.
- «Seksuell omgang» (brudd på Straffelovens §§ 291-295, 299-303 og 312) er den alvorligste kategorien seksuelle overgrep/krenkelser og omfatter flere typer overgrep (se de ulike lovparagrafene). Felles er at hendelsen omfattet en form for inntrenging i kroppens hulrom av gjenstander eller kroppsdeler. Seksuell handling uten inntrenging kan også inkluderes dersom den har en viss intensitet.
- «Mishandling i nære relasjoner» (brudd på Straffelovens §§ 282 og 283) gjelder blant annet vold mot barn og ektefelle.
- «Kroppskrenkelse» (brudd på straffelovens § 271) innebærer at kroppen utsette for påvirkning som oppfattes å krenke egen identitet (oppleves fornærmende). Handlingen er i hovedsak ikke av seksuell art, men kan ha et seksuelt aspekt ved seg. Det kan for eksempel gjelde beføling på mindre seksuelle områder.